

NVE
Postboks 5091 Majorstuen
0301 OSLO

Saksnr.	Arkivkode	Journalnr.	Dykkar ref.	Vår ref.	Dato
18/1603	FA - S82	18/11136		THF	10.10.2018

Nasjonal ramme for vindkraft på land - lokale og regionale interesser i analyseområde 19

Vi viser til dykkar brev om nasjonal ramme for vindkraft på land 08.06.2018 og 05.09.2018. De inviterer til å kome med innspel til det pågåande arbeidet med den nasjonale ramma innan 20. oktober 2018.

Bakgrunn:

Norges vassdrags- og energidirektorat(NVE) skal utarbeide forslag til nasjonal ramme for vindkraft på land. Føremålet er å bidra til at dei beste vindkraftlokalitetane vert valde når det vert søkt om konsesjon, ut i frå vindressursar og nettkapasitet, og ei avveging i høve til andre viktige miljø- og samfunnsomsyn (arealanalysar).

I denne runden er NVE ute etter fagleg informasjon, og presiserer at dette ikkje er ei høyring av den nasjonale ramma for vindkraft. NVE vil sikre seg at dei fangar opp tilstrekkeleg informasjon for dei ulike analyseområda i landet.

NVE sitt framlegg vert sendt på høyring i regi av Olje- og energidirektoratet, og det vil vere i den runden politiske innspel og generelle synspunkt på den nasjonale ramma må leggjast fram.

Gaular kommune gjev difor ein administrativ uttale i denne omgangen.

Det er 43 analyseområde i landet, og det er egne kart for kvart område. I det vidare arbeidet skal NVE gjennomføre overordna analyse for alle områda for å kome fram til dei mest eigna områda for vindkraft i Norge.


Gjennom 'hard og mjuk eksklusjon' vert lite eigna område ekskludert, noko som gjev grunnlagskart som vert eit godt utgangspunkt for det vidare analysearbeidet. Hard og mjuk eksklusjon er definert slik:

Med «hard eksklusjon» menes eksklusjon av arealer som er uaktuelle for vindkraftutbygging på grunn av teknisk/økonomiske forhold, eller på grunn av at arealene er formelt vernet eller tilsvarende. Med «myk eksklusjon» menes eksklusjon av arealer der virkninger for én enkeltinteresse i mange tilfeller tilsier at det ikke bør bygges vindkraftverk.


Postadresse Telefon: 57718500
Vadheimsvegen 15
6973 SANDE I SUNNFJORD E-post: postmottak@gaular.kommune.no

Bankgiro: 37600700279
Org.nr: 963 923 988

Gaular kommune har areal som er med i analyseområde 19, jf. figur nedanfor.



Etter at område med eksklusjoner er tekne ut, er det ei sterk fragmentering av areala i område 19 som då skal avklarast nærare i arealanalysar, jf. figur nedanfor.



Eit sær s viktig grunnlag for det vidare arbeidet er digitale nasjonale/landsdekkande register/baser. Det er ei utfordring at få baser er landsdekkande, og at kvaliteten er varierende. For å få eit best mogleg kunnskapsgrunnlag har NVE fått utarbeidd i alt 19 temarapportar. Rapportane

16#126:577de506-cfd1-4748-91b1-e7564e8733a8.4

synleggjer verknaden vindkraft har for kvart tema, og kva som samla sett er dei mest sentrale problemstillingane knytt til landbasert vindkraft.

Innspel:

Frå 01.01.2020 vert Førde, Jølster, Naustdal (ikkje med i område 19) og Gaular kommune slegne saman til Sunnfjord kommune. Både Førde og Jølster kommune sender eigne brev der også tilgrensande område i Gaular er omtalt.

Etter eksklusjonar (harde og mjuke), ser vi at det i stor grad er fragmenterte høgareliggande fjellområde som skal analyserast vidare i Gaular: Nord og sør for Viksdalsvatnet, Gaularfjellet, mellom Dalsfjorden og Blægja, og rundt Florsheia og Svadheia/Blåfjellet.

Friluftsliv:

- Generelt er det meste av fjell og utmarksareal i kommunen nytta til friluftsliv heile året. Fjellområda ligg tett på der folk bur og er lett tilgjengelege.
- Kartlegging og verdisetting av friluftslivområde er i oppstarten i Gaular og Førde. Det betyr at kunnskapen om kva område som har høgast verdi lokalt, regionalt og eventuelt nasjonalt her manglar. Jølster kommune er ferdig med dette arbeidet og opplysningar for Jølster er tilgjengeleg på naturbase.no og fylkesatlas.no.
- Heile fjellmassivet med Litlehesten, Kvamshesten (Storehesten), Blægja og Laukelandshesten er eit samanhengande viktig friluftslivområde. Det vert årleg arrangert motbakkeløp (internasjonalt) til Storehesten. Skisenteret på Langeland tråkkar skiløyper heilt inn til stølane oppunder Litlehesten. Den kommunalt eigde «Dagsturhytta» vert etablert no i haust i skaret nedanfor Storehesten og Litlehesten.
- I tillegg til at Gaularfjellet er eit viktig område for friluftsliv, har riksveg 13 over fjellet status som nasjonal turistveg, med tilhøyrande profilering som internasjonalt reisemål. Vegen er også utgangspunkt fleire stader for turløypa «Fossestien» langs Gaulavassdraget.
- Laukeland og Sæle er utgangspunkt for merka løyper til DNT-hyttene Massbu og Nipebu.

Landskap:

- Det er ikkje definert «Villmarksprega område» i Gaular, men alle dei aktuelle fjellområda har definert inngrepsfrie soner, 1-3 km eller 3-5 km i luftlinje frå tyngre tekniske inngrep (fylkesatlas.no).
- Området Laukelandshesten-Blægja-Storehesten-Litlehesten har regional landskapsverdi B (fylkesatlas.no).
- Områda Florsheia og Svadheia/Blåfjellet har regional landskapsverdi C (fylkesatlas.no).
- Områda aust for E39 er ikkje kartlagt for landskapsverdi.

Villrein:

- Sunnfjordfjella villreinområde ligg inne i område 19. Områder som er viktige for villreinen er ikkje ekskludert og er med i det vidare analysearbeidet slik det ligg føre no.



- Sunnfjordfjella er ikkje nasjonalt villreinområde, men villreinen her er viktig, og har stor lokalverdi (jakt og friluftsliv).

Landbruk:

- Dei aktuelle fjellområda vert i stor grad nytta til beite, primært for sau.

Andre naturtilhøve:

- Område knytt til nedslagsfeltet for Gaularvassdraget, verneplan IV for vassdrag, Storelva (Laukeland) Verneplan III og Guddalsvassdraget, verneplan IV, skal analyserast. Vi viser til forskrift om rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag.

Med helsing

Atle Fasteland
rådmann

Truls Hansen Folkestad
kommunalsjef næring og teknisk

Dokumentet er elektronisk godkjent om det ikkje er signert.